



Remi Aleksander Bendiksen
Sæbøvegen 550
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7480 - 23/49260

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
22.06.2023

Ber om tilbakemelding på mogleg ulovleg tilfelle på eigedomen din - gbnr 471/6 Taule indre

Tiltak: Masseutskifting/terrenginngrep
Byggjestad: Gbnr 471/6 Sæbøvegen 550
Tiltakshavar: Jeanette Bendiksen

Saka gjeld

Kommunen er kjent med at det på dykkar eigedom skal vere utført eit terrenginngrep og etablering av ny avkjørsle frå fylkesveg, tilbygg til bustad, tilbygg balkong på uthus som kan vere søknadspliktig. I tillegg har kommunen fått melding om at det har vorte fjerna matjord, tilkjørt tonnevis med stein, øydelegging av eksisterande landbruksgrøfter og parkering av diverse heilt ved veg.

Kva gjeld terrenginngrep og avkjørsle viser vi til tidlegare korrespondanse i saka, og vidare til uttale frå Vestland fylkeskommune som ligg vedlagt. Ut i frå det dei skriv i si uttale er både terrenginngrepet og avkjørsle søknadspliktige tiltak.

Du må derfor sende oss ei utgreiing om kva arbeid som er utført, slik at vi kan få klarlagt dei faktiske forholda.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøva er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tilfella og korleis status er i dag. Til dømes, har de søkt om løyve frå Vestland fylkeskommune kva gjeld avkjørsle og tiltak nære fylkesveg.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om dei arbeid som er utført. Vi ber også om at du legg ved bilete som støttar utgreiinga.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 10.08.2023.

Anvendt regelverk

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: <Saksnr.>

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar - Terrenginngrep, avkøyrslø - Fv- 5480 - Gbnr 471/6 Taule indre

Mottakarar:

Jeanette Bendiksen

Sæbøvegen 550

5938

SÆBØVÅGEN

Remi Aleksander Bendiksen

Sæbøvegen 550

5938

SÆBØVÅGEN